Av punkta som er justerte i framlegget til ny avtalemal, vil arbeidsgruppa spesielt nemne skiljet mellom drift og vedlikehald av undervisningsutstyr/-fasilitetar og byggtekniske anlegg. Dette skiljet er no tydeleggjort i framlegget vedlagt her.

I drøftingane omkring brukaravtalane mellom bygge- og eigedomstenesta og dei fylkeskommunale institusjonane har arbeidsgruppa knytt til seg Paul Lemvik og Magne Frøholm frå Mo og Øyrane vidaregåande skule og Hafstad vidaregåande skule.

## 2.2 Samhandling og rutinar – formell og uformell dialog og kommunikasjon

Arbeidsgruppa har også sett nærare på i kva grad vi bør forbetre samhandling og rutinar mellom bygge- og eigedomstenesta og brukarane av fylkeskommunale bygg. I denne vurderinga ligg det til grunn at arbeidsgruppa har hatt kontakt mot administrativ leiding ved to vidaregåande skular for å få betre innsikt i praksis knytt til utøving av rolla som eigar og brukar av bygningsmassen.

Arbeidsgruppa meiner følgjande grunnelement bør ha stor bevisstheit i organisasjonen:

- Dagleg kommunikasjon mellom einingar må gå føre seg med gjensidig respekt og tillit.
- Bestillingar til driftsteknikarane må vere tydelege og formaliserte.
- Vi skil mellom oppgåver som hastar og det som ikkje nødvendigvis må gjennomførast snarleg.

Bygge- og eigedomssjefen har i dag følgjande samhandlingsrutinar og –arenaer som påverkar dialogen mot dei fylkeskommunale institusjonane:

1. Minimum ein gong per år tek bygge- og eigedomssjefen initiativ til ein samla gjennomgang av tekniske prioriteringar i vedlikehaldsplanen opp mot dei vidaregåande skulane (skuledrifta) sine ynskje og prioriteringar (vedlikehaldssynfaringar). Denne dialogen ligg som ei grunnplattform i samhandlinga, og har eksistert sidan 2003-04.
2. Bygge- og eigedomssjefen har min. eitt årleg dialogmøte (styringsdialog) med fylkesrådmannen.
3. Bygge- og eigedomssjefen har ein løpande dialog med fylkesdirektøren for opplæring (assisterande fylkesdirektør). Føremålet er å sikre intern samordning mellom BET og vidaregåande opplæring.
4. Bygge- og eigedomssjefen og driftsleiarane held 3-4 årlege møte, der ein tek opp konkrete innspel og aktuelle problemstillingar ved den enkelte regionale driftseininga. Føremålet med dialogen er å sikre intern samordning og avklaring.
5. Driftsleiarane held faste møte med sine regionvise driftseiningar for å drøfte aktuelle problemstillingar ved den enkelte regionale driftseininga (intern samordning og avklaring).
6. Bygge- og eigedomssjefen held min. ei årleg samling for alle tilsette i bygge- og eigedomstenesta. Samlinga har både eit fagleg og administrativt innhald (kompetansehevande kurs- og føredrag).

Arbeidsgruppa meiner bygge- og eigedomstenesta kan effektivisere dialogen med institusjonane ved å:

- A. Vidareutvikle og formalisere FDV-systemet: Ein del av dette systemet definerer samhandling og kommunikasjon. Dette inneber den daglege bestillinga og innmeldinga av feil/manglar ute på institusjonane (lys, varme, lås m.m.). Frå 2015 er det i gang eit arbeid som i første omgang tydeleggjer og definerer behovet. Målsettinga er å gjennomføre ei behovskartlegging før ein gjer ei endeleg bestilling til ekstern leverandør.

- B. Få tydeleg fram driftsteknikarane si rolle med omsyn til elevfokus og krava i opplæringslova §9A. Eit eige forvaltningsrevisjonsprosjekt ser også på dette.
- C. Implementere og gjennomføre bygge- og eigedomstenesta si overtaking av alt driftsteknisk ansvar ved tannhelseklinikkane frå 2016.

Bygge- og eigedomstenesta er inne i eit langsiktig utviklings-/forbetningsarbeid som følgjer følgjande plan:

2014: Førebuing av ny organisering med regionvise driftseiningar (jf. FU-vedtak sak 85/2014).

2015: Igangsetting og gjennomføring av ny organisering.

2016: Forbetring og optimalisering i høve rutinane ved tenesta og i høve samhandlinga med institusjonsnivået (t.d. forbetre FDVUS-systemet, intern evaluering m.m.).

2017: Vidareutvikle tenestene ved bygge- og eigedomsforvaltninga (t.d. eksterne samarbeidspartar m.m.) og implementering av forbetra samhandlingsrutinar.

### 3. Driftsteknikardekking: Areal, normtal og opplevd kapasitet

Her ser vi nærare på dei to siste punkta i utgreiingsmandatet (jf. kap. 1.1):

- Er arealansvar per driftsteknikkar forsvarleg og rett i høve gjeldane normer?
- Ligg vi på rett nivå i høve rettleiande normer for vedlikehald i den fylkeskommunale bygningsmassen?

#### 3.1 Areal og kapasitet for driftsteknikarane

Forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service (FDVUS) inneber aktivitetar og kostnadar som knyter seg til bygningane si totale levetid frå overtaking av eit nybygg eller eit rehabilitert bygg til bygget skal rivast/sanerast. Forvaltning omfattar administrative oppgåver som kjøp og sal av eigedomar, utleige av bygningar og lokale, husleigeadministrasjon, utarbeiding av forsikringsavtalar, økonomisk planlegging og styring samt personaladministrasjon m.m. Drift omfattar oppgåver og rutinar som er nødvendige for at bygningar og tekniske installasjonar fungerer som planlagt. Dette omfattar m.a. betening av installasjonar, forsyning av vatn, energi samt reinhald og renovasjon. Vedlikehald er oppgåver knytt til det å oppretthalde bygningen og tekniske installasjonar på eit fastsett kvalitetsnivå for å kunne bruke bygget til tiltenkte føremål. Utvikling av bygnings- og eigedomsmassen inneber å oppgradere bygningane til moderne og effektiv bruk. Service delen for brukarane inneber anna tilrettelegging og bistand.

I denne delen av utgreiingsarbeidet har arbeidsgruppa sett nærare på areal og driftsteknikardekking. Som fagleg rettesnor for arbeidsgruppa sine vurderingar nyttar vi den tidlegare nemnde FEF-modellen (jf. kap. 1.4). Tabellen under syner dagens driftsteknikardekkinga for vidaregåande skular og administrasjonsbygg (inkl. leigeareal), dekkinga som FEF-modellen tilrår samt differansen mellom dagens situasjon og FEF:

Samla areal	m <sup>2</sup>	DT-dekking (FEF)	DT-dekking (i dag)	Differanse
Sogn	46959	9,39	6,80	- 2,59
Sunnfjord	63953	12,79	11,55	- 1,24
Nordfjord	44763	8,95	7,60	- 1,35
Samla	155675	31,13	25,95	- 5,18

**Tabell 1:** Areal og driftsteknikardekking for vidaregåande skular og administrasjonsbygg (inkl. leigeareal).

Samla ser vi at vi i Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg om lag 5,2 årsverk under FEF-modellen sin tilrådde ressursbruk. Merk særleg at leigerealdelen utgjer 21836 m<sup>2</sup>, men her er det lagt inn 10918 m<sup>2</sup> i summen ovanfor (155675 m<sup>2</sup>), sidan vi reknar driftsteknikarbelastninga på leigereald til 50% av normalt.

Samla areal	m <sup>2</sup>	DT-dekking (FEF)	DT-dekking (i dag)	Differanse
Sogn	3335	0,67	---	- 0,67
Sunnfjord	1256	0,25	---	- 0,25
Nordfjord	170	0,03	---	- 0,03
Samla	4761	0,95	---	- 0,95

**Tabell 2:** Areal og driftsteknikardekking for fylkeskommunale husvære. DT-dekkinga for fylkeskommunale husvære i dag er lagt inn i tabell 1 ovanfor.

Samla areal	m <sup>2</sup>	DT-dekking (FEF)	DT-dekking (i dag)	Differanse
Sogn	50294	10,06	6,80	- 3,26
Sunnfjord	65209	13,04	11,55	- 1,49
Nordfjord	44933	8,99	7,60	- 1,39
Samla	160436	32,09	25,95	- 6,14

**Tabell 3:** Areal og driftsteknikardekking for heile den fylkeskommunale bygningsmassen.

Driftsteknikardekkinga for heile den fylkeskommunale bygningsmassen syner at vi per i dag har om lag 6,1 årsverk mindre dekking enn FEF-arealmodellen tilrår.

### 3.2 Fagleg vurdering: Samsvar eller avvik mellom normalt og kapasitet?

Tabell 4 syner at Sogn har eit samla areal per driftsteknikar på 7396 m<sup>2</sup>, Sunnfjord på 5646 m<sup>2</sup> og Nordfjord på 5912 m<sup>2</sup>. Arbeidsgruppa vurderer behovet samla sett slik at vi i Sogn og Fjordane fylkeskommune kan leggje oss noko under FEF-modellen i vurderinga av kva kapasitet vi må ha for å yte forsvarlege og kvalitativt gode tenester knytt til forvaltning, drift og vedlikehald av den fylkeskommunale bygningsmassen:

	Areal i dag	Areal per DT i dag	Tal DT i dag	Vår samla ressursvurdering	FEF si tilråding	Differanse mellom FEF og arb.gruppa	Differanse FEF og dagens bemanning	Areal per DT jf. vår vurdering
Sogn	50294	7 396	6,80	8,50	10,06	- 1,56	- 3,26	5 917
Sunnfjord	65209	5 646	11,55	11,00	13,04	- 2,04	- 1,49	5 928
Nordfjord	44933	5 912	7,60	8,50	8,99	- 0,49	- 1,39	5 286
Snitt/total	160436	6 182	25,95	28,00	32,09	- 4,09	- 6,14	5 730

**Tabell 4:** Areal og driftsteknikardekking: Bygge- og eigedomssjefen sine vurderingar.

Tabellen kan lesast på følgjande måte:

- Vi har eit gjennomsnittleg areal per driftsteknikar på 6182 m<sup>2</sup> i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Driftseininga for Sogn ligg høgt på snittareal per driftsteknikar med 7396 m<sup>2</sup>, og er underbemanna.

- Arbeidsgruppa legg til grunn ei samla behovsvurdering på 28 stillingar som driftsteknikar for at vi skal kunne yte forsvarlege og kvalitativt gode tenester knytt til forvaltning, drift og vedlikehald. Dette inneber ein auke på 2,05 stillingar frå dagens 25,95 stillingar.
- Arbeidsgruppa si vurdering er altså at vi vil greie oss utan å leggje oss på FEF-tilrådinga på 32 stillingar.
- Med 28 stillingar samla sett, vil vi kome ut med eit areal per driftsteknikar på 5917 m<sup>2</sup> i Sogn, 5928 m<sup>2</sup> i Sunnfjord og 5286 m<sup>2</sup> i Nordfjord.

Arbeidsgruppa merkar seg særleg at t.d. Statsbygg reknar 9000 m<sup>2</sup> per driftsteknikar i sine arealberekningar (7000 m<sup>2</sup> til fengselsbygg). Det er viktig å understreke at dei gjennom si tilnærming reknar driftsteknikarane som reine «bestillarar» (innkjøparar) av driftstenester. Ein slik referanse er såleis ikkje samanliknbar med driftsteknikarberekninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune, då driftsteknikarane her i stor grad også utfører FDVUS-tenester sjølve. I tillegg utfører driftsteknikarane serviceoppgåver knytt til drifta av dei vidaregåande skulane tilsvarande om lag 20% stilling per skule. Statsbygg forhold seg utelukkande til marknaden, og skal ikkje bygge opp eigne «entreprenøravdelingar» som utfører FDVUS-oppgåver. I tillegg har dei respektive høgskulane eigne vaktmeistrar som utfører dagleg drift og interne tenester. Statlege institusjonar si innretning av ansvaret for driftstekniske oppgåver tillet difor eit langt høgare kvadratmetertal per driftsteknikar.

Til dømes har driftseininga i Sunnfjord dokumentert at eigne kostnader knytt til større utbetningsarbeid i mange tilfelle ligg på om lag 35% av kostnadane vi ville hatt dersom fylkeskommunen kjøpte desse tenestene frå eksterne leverandørar.

### 3.3 Tannhelsetenesta

Bygge- og eigedomssjefen og direktøren for tannhelsetenesta har frå februar 2016 starta eit praktisk samarbeid for å drifte bygningsmasse og areal innanfor den offentlege tannhelsetenesta. Bygge- og eigedomstenesta vidareutdannar også no driftsleiarane regionvis for å kunne «serve» tannhelsetenesta på teknisk drift av tannklinikane (inkl. tannhelseteknisk utstyr).

Prosjektet «Teknisk drift tannklinikkar» er eit relativt lite organisasjonsutviklingsprosjekt innanfor tannhelsetenesta (THT) og bygge- og eigedomstenesta (BET). Målsettinga har vore å integrere den tekniske drifta av tannklinikane i dagens driftstekniske tenester som bygge- og eigedomstenesta utfører på dei fylkeskommunale eigedommane. Føremålet er å gjere dette på ein ressurseffektiv og fagleg god måte. Prosjektet vert gjennomført i perioden 01.11.15 til 01.04.16. Framdrifta er avhengig av ressursar både økonomisk og organisatorisk, slik at det kan være naudsynt å justere framdrifta vidare undervegs.

Samla areal	m <sup>2</sup>
Sogn	1 551
Sunnfjord	1 537
Nordfjord	1 948
Samla	5 036

**Tabell 5:** Areal og driftsteknikardekking innanfor den offentlege tannhelsetenesta.

Ein har alt overført driftsteknikarressursen i tannhelsetenesta til bygge- og eigedomstenesta, jf. ovanfor omtalte utviklingsarbeid.

### 3.4 Innsparingskrav i samband med skulebruksplanen m.m.

I skulebruksplanen er det lagt til grunn ei innsparing tilsvarande 240% driftsteknikarstilling. Kronesummen som er innarbeidd i innsparingskravet (jf. vedteken økonomiplan 2016-19) er berekna ut frå gjennomsnittsløna for driftsteknikarar. Ressursen som skal sparast inn er berekna ut i frå FEF-modellen. Innsparinga er førebels ikkje realisert, trass i at Luster vidaregåande skule og Mo og Øyrane vidaregåande skule si avdeling i Jølster er lagde ned.

Arbeidsgruppa har drøfta dette innsparingskravet i lys av at vi i Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg svært lågt i høve til driftsteknikardekking per i dag. Vi har sett at vi ligg langt under FEF-modellen sin tilrådde ressursbruk/driftsteknikarkapasitet. Det er såleis ikkje rimeleg at ein arealbasert reduksjon etter skulebruksplanen skal medføre eit tilsvarande stillingsnedtak for driftsteknikarane, rekna ut etter ressursbruken vi hadde hatt dersom vi låg på FEF-modellen sitt gjennomsnittsnivå. Dimensjonering av ressursar og kapasitet og nedtak/innsparingar må reknast etter same malen.

Arbeidsgruppa ser at det i samband med skulebruksplanen vart gjort ein faktisk reduksjon i samla areal som svarer til om lag 1,6 stillingar (drygt 8100 m<sup>2</sup>) fordelt på Luster vidaregåande skule (4018 m<sup>2</sup>) og Mo og Øyrane vidaregåande skule avd. Jølster (4093 m<sup>2</sup>).

Sogn og Fjordane Kunstmuseum er kome til i tillegg etter skulebruksplanprosessen. Dette «trekkjer oppatt» det samla ressursbehovet. Operahuset Nordfjord er rekna inn som ein del av den arealmessige porteføljen i etterkant. Dei to bygga utgjer til saman per i dag 4679 m<sup>2</sup>. Vi kjem då fram til ein netto reduksjon i det faktiske arealet på 3421 m<sup>2</sup>, noko som svarer til 0,7 stilling jf. FEF-modellen og om lag 0,5 stilling med dagens snittareal for tilsette driftsteknikarar i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Arbeidsgruppa meiner bygge- og eigedomstenesta alt i dag ligg på eit svært høgt ressursutnytingsnivå, ikkje minst når vi også legg følgjande til grunn:

- Dei regionvise driftsleiarane har ein administrativ del lagt til sine stillingar, og desse er difor ikkje å rekne som 100% utøvande driftsteknikarar.
- Dei regionvise driftseiningane er ein samla ressurspool, og ein må rekne med noko logistikk- og «forflyttingskostnader».

Med driftsnivået bygge- og eigedomstenesta har i dag, utgjer 1,6 stillingar jf. FEF-modellen om lag 1,33 stillingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune per i dag.

### 3.5 Evaluering av ressursbruken knytt til drift og vedlikehald

Arbeidsgruppa vil i det følgjande sjå nærare på ressursbruken knytt til drift og vedlikehald. Det mest nytta referansegrunnlaget for budsjettering, planlegging og kontroll av kostnadsdata knytt til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av kommunal, fylkeskommunal og statleg bygningsmasse er Holte Prosjekt sin «FDV-nøkkel». Holte Prosjekt gjer vurderingar omkring kostnadsdata, og gjev verdifulle råd for å drive effektiv bygningsforvaltning. Nøkkelen er eit verktøy for å finne svar på om bygg vert drivne til rett kostnad. Den gjev også rettleiing om innsparingsmulegheiter og tiltak som kan auke bygningen sin verdi.

Holte Prosjekt gjev kostnadsdata på ulike detaljnivå. Med utgangspunkt i kostnadsdataene i FDV-nøkkelen vert det utarbeidd prognosar og budsjett for forventa nivå på kostnadar til bygningsdrifta. Ut i frå rekneskapstal og budsjett kan ein danne seg eit bilete av om måten ein driv eigen bygningsmasse på er kostnadseffektiv. Med bakgrunn i denne kunnskapen skal ein kunne utarbeide detaljerte planar for

ressursbehov for drift- og vedlikehaldsaktivitetar. Tala i FDV-Nøkkelen kan nyttast til budsjettering av FDV-kostnader, men kan også nyttast ved «benchmarking» (samanlikning) mot eigne tal for å få ei oversikt over korleis eige nivå på FDV-kostnadane er i forhold til Holte sine talstorleikar og berekningar.

Merk at også Deloitte er i gang med å gjennomføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som rettar seg mot drift og vedlikehald i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

	SFFK/BET (inkl. areal bustader og leigebygg (50%))			Holte (referansetal for bygg) FDV-nøkkel 2015		
	År 2015 (budsj.) NOK (eks. mva.)	BTO m <sup>2</sup>	NOK/m <sup>2</sup>	6211 UV-lokale høgskule/vgs. (middel)	Diff. NOK/m <sup>2</sup>	Diff. total
<b>Energi</b>	14 213 000	160 435	88,59	125,99	- 37,40	- 6 000 206
<b>Vedl./drift</b>	10 563 000	160 435	65,84	188,39	- 122,55	- 19 661 350
<i>(inkl. uføresett vedlikehald)</i>	<i>13 563 000</i>	<i>160 435</i>	<i>84,54</i>	<i>188,39</i>	<i>- 103,85</i>	<i>- 16 661 350</i>
<b>Drift</b>	14 109 000	160 435	87,94	58,58	29,36	4 710 718
<b>Sum</b>	38 885 000	160 435	242,37	372,96	- 130,59	- 20 950 838
<b>Leiling og administrasj.</b>	4 445 000	155 675	28,55	35,30	- 6,75	- 1 050 328
<b>Forsikring</b>	1 400 000	155 675	8,99	7,16	1,83	285 367

**Tabell 6:** Oversikt over utgifter (NOK) per m<sup>2</sup> (driftskostnader).

Holte representerer rettleiande talstorleikar som grunnlag for eigenvurderinga arbeidsgruppa her har gjort med tanke på dimensjonering og ressursbruk i Sogn og Fjordane fylkeskommune. I det følgjande kommenterer vi kort postane i tabellen over.

### 3.5.1 Energi

Tabell 6 syner at vi for 2015 budsjetterte med kr. 14 213 000 på oppvarming, kjøling, belysning m.m. (energi). Dette tilsvarer kr. 88,59 per kvadratmeter. Vi ser at vi her ligg kr. 37,40,- under referansetala frå Holte per kvadratmeter. Dette gjev samla sett ei «innsparing» knytt til energiområdet på meir enn kr. 6 000 000,- i høve referansetala frå Holte (retningsgjevande storleik for skule-/undervisningsbygg).

Arbeidsgruppa vil understreke at energidelen «vert som han vert» frå år til år, avhengig av temperatur, energiprisar m.m. Det er også viktig å understreke at brukstida aukar ved dei vidaregåande skulane, og at vi har ei meir effektiv bygningsutnytting enn tidlegare.

Det er her viktig å understreke at denne posten vil variere, og at samla utgifter for fylkeskommunen i eit samla bilete heng saman med inntektssida knytt til konsesjonskraft.



Regional plan for klima og miljø vart vedteken i fylkestinget i desember 2015. Bygge- og eigedomstenesta har eigne ressursar for å imøtekomme krava som planen stiller i komande fireårsperiode. Dette inneber m.a. tilpassing av budsjettet retta mot energibruk.


### 3.5.2 Vedlikehald/drift

Også når det gjeld vedlikehald og drift ligg vi i Sogn og Fjordane fylkeskommune relativt langt under referansemodellen. Hovudgrunnen til at vi har greidd oss godt på vedlikehaldssida dei siste åra, er at det har vore gjort store investeringar i bygningsmassen. I framtidig budsjetteringsarbeid må vi i større grad vere bevisste behovet for såkalla «vedlikehaldsbudsjettering».

I ein periode der investeringsmidlar har vore nytta til oppføring og etablering av nybygg (store investeringar), har vi ikkje hatt nødvendig fokus på den samla vedlikehaldsbudsjetteringa for bygningsmassen. Budsjettposten «vedlikehald/drift» bør aukast opp når den omfattande investeringsperioden truleg vert mindre, slik at fokus i større grad vert dreia mot drift- og vedlikehald.

Bygge- og eigedomstenesta understrekar at avsette midlar til «uføresette vedlikehaldsutgifter» er svært nyttig og gjev ein god fleksibilitet i planlegging og drift. Investeringsmidlar i storleiken 3 mill.kr. vert i dag sett av til uføresette drifts- og vedlikehaldsutgifter (jf. grå skrift i tabell 6 ovanfor).

Ei nærare kartlegging av areal og alder på den fylkeskommunale bygningsmassen er vist i vedlegg 5.1. Framstillinga viser dagens situasjon og korleis alder/areal er samansett om 10 år. Dette er eit enkelt bilde på utfordringane bygningsmassen gjev oss med omsyn til det framtidige vedlikehaldet.




Figur 1 illustrerer behovet for vedlikehald over levetid (Kjelde: Mulitconsult/PWC 2008).

Figuren over viser korleis trongen for vedlikehald aukar i løpet av bygget sin levetid. Dei første åra etter at eit bygg er ferdigstilt vil det normalt ikkje være naudsynt med større vedlikehaldsarbeid og utskiftingar. Etter ca. 10 år startar behovet for større arbeid og vedlikehaldet bør planleggast med grunnlag i tilstandsanalysar. Etter 20-30 år kjem behovet for større rehabilitering og modernisering i tillegg til meir omfattande vedlikehaldsarbeid.

Eit godt vedlikehalde bygg bidreg til tryggleik (brann), førebygging av skadar og eit godt innemiljø. Dette er det mykje forskning på og ikkje minst historie for i Noreg. Fylkeskommunen si overordna målsetting om eit verdibevarande vedlikehald er grunnleggande i bygge- og eigedomstenesta sitt arbeid. Omgrepa

vedlikehold og utvikling kan visast som ein funksjon av korleis bygget sin funksjon endrar seg over tid (sjå figuren under):



**Figur 2 illustrerer utviklinga av eit bygg sin standard og funksjonalitet over tid og korleis vedlikehald og utvikling bidreg til eit bærekraftig bygg (Kjelde: NTNU/Bjøberg 2008).**

Utfordringa vi i dag står ovanfor er at bygg generelt sett vert meir og meir teknisk avanserte samt at vi ynskjer fleksible og tilpassingsdyktige bygg. Dette utvidar bygget sin totale livssyklus og at bygget fungerer for sin funksjon over lengre tid. Dette er det vi normalt kan omtale som bærekraftig bygging. I dette perspektivet er val, planlegging og resursbruk sentrale og viktige faktorar for at vi i fylkeskommunen skal lukkast med å ha gode bygg for den fylkeskommunale verksemda i framtida.

Kva er så rett nivå på vedlikehaldet? Analysen som vi tidlegare har referert til (Holte FDV nøkkel 2015 ) gjev ein middelværdi på kr 188,- kr/m<sup>2</sup> (jf. tabell 6 ovanfor). I NTNU sitt temahefte «Bygningsvedlikehold» frå 2011 tilrår ein offentleg forvaltning å legge seg på «normal standard» tilsvarande om lag 150,- kr/m<sup>2</sup>, justert for konsumprisindeks til dagens verdi om lag 164,- kr/m<sup>2</sup>. Skal ein unngå eit såkalla akselererande forfall i den fylkeskommunale bygningsmassen framover er det avgjerande at vi gjer nøye vurderingar på vår budsjettering i høve desse tilrådde normene.



### 3.5.3 Drift

Når det gjeld direkte utgifter knytt til løn, utstyr og rammevilkår for driftsteknikarane, ser vi at vi i Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg noko over referansemodellen. Det er her viktig å vere klar over at definisjonen av driftsteknikarrolla som ligg til grunn i referansemodellen **ikkje** inkluderer vedlikehaldsaktivitetar som vårt driftspersonale utfører sjølve. I Holte-modellen inneber kostnadane til driftsteknikarane utelukkande bestillingar (bestillarfunksjonen), kontroll og teknisk tilsyn.

Vi viser her til diskusjonen under kap. 3.2., der vi viser at denne referansen ikkje er samanliknbar med driftsteknikarberekninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune då driftsteknikarane her i stor grad også utfører FDVUS-tenester sjølve. I tillegg utfører driftsteknikarane i Sogn og Fjordane fylkeskommune «servicearbeid» (jf. brukaravtalen).

### 3.5.4 Leiing og administrasjon

Alle tilsette ved bygge- og eigedomstenesta er tilsette på «vanlege vilkår», og er ikkje knytte opp til dei respektive utbyggingsprosjekta som fleire av dei tilsette jobbar med (lønsutgiftene vert ikkje førde som prosjektmidlar). Bygge- og eigedomssjefen har eit samla lønsbudsjett på 7.113 mill.kr. til administrative funksjonar. Av dette er det gjort ei berekning som syner at 5/8-del av lønsmidlane vert nytta til det vi definerer som drift og vedlikehaldsplanlegging, jf. tabell 6 (4.445 mill.kr.). Resterande 3/8-del av lønsramma vert nytta direkte mot prosjekt.

### 3.5.5 Forsikring

Når det gjeld forsikring disponerer bygge- og eigedomssjefen eit samla budsjett på 2.139 mill.kr. Av dette utgjer 65% ting- og naturskade (1.4 mill.kr.). Forsikringsavtalane vert fortløpande fornya gjennom egne tilbod/konkurransetsetting.

## 4. Konklusjon og fagleg tilråding jf. mandatpunkta

### 4.1 Brukaravtalen

Arbeidsgruppa har gjort ein gjennomgang av brukaravtalen mellom bygge- og eigedomstenesta og dei vidaregåande skulane. I dette arbeidet har vi hatt med oss to administrative leiarar frå skulane. Arbeidet har avdekka relativt få uklarheiter i høve til den avtalte samhandlinga, og det er såleis grunnlag for å vidareføre avtalane i stor grad slik desse er i dag. Etter gjennomgangen legg arbeidsgruppa likevel fram eit framlegg til ein noko forbetra fellesmal for alle dei vidaregåande skulane. Den nye malen ligg vedlagt dette dokumentet (sjå vedleggskap. 5.3.).

### 4.2 Samhandling: bestillingar, avklaringar, loggføring, utkvittering av oppdrag

I mandatet vert det stilt spørsmål om i kva grad vi kan og bør forbetre samhandling og rutinar mellom bygge- og eigedomstenesta og brukar av fylkeskommunale bygg (jf. utøving av rolla, kommunikasjon, bestillingar til driftsteknikareiningane m.m.).

Arbeidsgruppa meiner følgjande grunnelement framleis bør ha stor bevisstheit i organisasjonen:

- Dagleg kommunikasjon mellom einingar må gå føre seg med gjensidig respekt og tillit.

- Bestillingar til driftsteknikarane må vere tydelege og formaliserte.
- Vi skil mellom oppgåver som hastar og det som ikkje nødvendigvis må gjennomførast snarleg.

Bygge- og eigedomssjefen har fleire faste samhandlingsrutinar og –arenaer som påverkar dialogen mot dei fylkeskommunale institusjonane. Det viktigaste kontaktpunktet er den årlege gjennomgangen av tekniske prioriteringar i vedlikehaldsplanen opp mot dei vidaregåande skulane (skuledrifta) sine ynskje og prioriteringar (vedlikehaldssynfaringar). Denne dialogen ligg som ei grunnplattform i samhandlinga, og har eksistert sidan 2003-04. Bygge- og eigedomssjefen og driftsleiarane held 3-4 årlege møte, der ein tek opp konkrete innspel og aktuelle problemstillingar ved den enkelte regionale driftseininga og institusjonen.

Arbeidsgruppa held fast på at det er viktig å halde god kontinuitet og dialog mellom fylkesrådmannen, bygge- og eigedomssjefen og det fylkeskommunale institusjonsnivået. Vi må difor halde fram i sporet som vi i dag følgjer på dette området, og utvikle dialog og samhandling gjennom gjensidig respekt for rollene og ansvaret som ulike partar har.

### 4.3 Areal per driftsteknikar

Mandatet utfordrar arbeidsgruppa til å vurdere om arealansvar og driftsteknikardekking er forsvarleg og rett. Arbeidsgruppa har teke utgangspunkt i dimensjoneringa av dei regionvise driftseiningane («driftseiningsnivået»), og har utifrå dette gjort ei samla vurdering. Gruppa vurderer behovet slik at vi i Sogn og Fjordane fylkeskommune kan leggje oss noko under FEF-modellen i høve til kva kapasitet vi må ha for å yte forsvarlege og kvalitativt gode FDVUS-tenester:

	Areal i dag	Areal per DT i dag	Tal DT i dag	Vår samla ressursvurdering	FEF si tilråding	Differanse mellom FEF og arb.gruppa	Differanse FEF og dagens bemanning	Areal per DT jf. vår vurdering
Sogn	50294	7 396	6,80	8,50	10,06	- 1,56	- 3,26	5 917
Sunnfjord	65209	5 646	11,55	11,00	13,04	- 2,04	- 1,49	5 928
Nordfjord	44933	5 912	7,60	8,50	8,99	- 0,49	- 1,39	5 286
Snitt/total	160436	6 182	25,95	28,00	32,09	- 4,09	- 6,14	5 730

**Tabell 4:** Areal og driftsteknikardekking: Bygge- og eigedomssjefen sine vurderingar.

Tabellen summerer opp følgjande:

- Vi har eit gjennomsnittleg areal per driftsteknikar på 6182 m<sup>2</sup> i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Driftseininga for Sogn ligg høgt på snittareal per driftsteknikar med 7396 m<sup>2</sup>, og er underbemanna.
- Arbeidsgruppa legg til grunn ei samla behovsvurdering på 28 stillingar som driftsteknikar for at vi skal kunne yte forsvarlege og kvalitativt gode tenester knytt til forvaltning, drift og vedlikehald. Dette inneber ein auke på 2,05 stillingar frå dagens 25,95 stillingar.
- Arbeidsgruppa si vurdering er altså at vi vil greie oss utan å leggje oss på FEF-tilrådinga på 32 stillingar.
- Med 28 stillingar samla sett, vil vi kome ut med eit areal per driftsteknikar på 5917 m<sup>2</sup> i Sogn, 5928 m<sup>2</sup> i Sunnfjord og 5286 m<sup>2</sup> i Nordfjord.

#### 4.4 Vedlikehald, drift, energi – ressursbruk og kapasitet

Mandatet stiller spørsmål ved om vi ligg på rett nivå i høve rettleiande normer for vedlikehald, drift og energibruk i den fylkeskommunale bygningsmassen. Det mest utfordrande området her er knytt til vedlikehaldsbudsjettering, der vi i Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg relativt langt under referansemodellen. Hovudgrunnen til at vi har greidd oss godt på vedlikehaldssida dei siste åra, er at det har vore gjort store investeringar i bygningsmassen. I framtidig budsjetteringsarbeid må vi i større grad vere bevisste behovet for såkalla «vedlikehaldsbudsjettering».

Vedlikehaldet påverkar tilstanden til ein bygning. Tilstanden til ein bygning påverkar vidare brukarar, eigarar og andre interessentar. I sin ytste konsekvens vil eit utsett vedlikehald kunne påverke liv og helse. Andre konsekvensar som kan komme fram på mykje tidlegare tidspunkt er mistriksel, redusert produktivitet og i nokre tilfelle auka sjukefråvær. Arbeidsgruppa ser det som viktig at bygge- og eigedomstenesta i framtida har fokus på god vedlikehaldsplanlegging og at de overordna budsjettarbeidet legg til rette for at dette kan fylgjast opp.

#### 4.5 Utvikling og potensiale for inntening (jf. IKT-modellen)

Bygge- og eigedomstenesta ser i dag eit potensiale for å vere offensive og etablere eit fagmiljø som også kan selje fleire tenester til kommunar og samarbeidspartar i Sogn og Fjordane (jf. etablert praksis innanfor IKT-tenesta. Arbeidsgruppa har drøfta dette spørsmålet, men er førebels ikkje i mål med denne delen. Gruppa meiner dette bør vere gjenstand for eit eige internt utgreiingsarbeid i samarbeid mellom bygge- og eigedomssjefen og fylkesrådmannen. Bygge- og eigedomssjefen syner her elles til sin langtidsplan, der det går fram at bygge- og eigedomstenesta frå 2017 vil ha eit auka fokus på sal av fagtenester til eksterne aktørar og såleis sikre ei større inntening.

#### 4.6 Samla vurdering frå arbeidsgruppa

1. Areal og ressursbehov: Den samla vurderinga og arbeidsgruppa si tilråding inneber ein auke i kapasitet innanfor driftsteknikarkorpset samanlikna med dagens kapasitet. Arbeidsgruppa meiner det er særskild viktig å peike på at vi bevegar oss langs ei grense i høve kva som er forsvarleg kapasitet ved dei tre driftseiningane. Driftseininga i region Sogn er per i dag underbemanna jf. areal per driftsteknikar i dag i tabell 4 ovanfor.
2. Handtering av nedtak frå skulebruksplanen: Arbeidsgruppa meiner det teoretiske nedtaket som følgje av skulebruksplanen er for omfattande, og at det er urimeleg at nedtaket skal bereknast utifrå FEF-modellen all den tid vi ligg såpass langt under FEF-modellen si kapasitetstilråding i dag.
3. Det vil vere svært uheldig dersom løyvinga knytt til vedlikehald og drift vert ståande fast framover, når vi no går over frå ein betydeleg investeringsfase til ein drifts- og vedlikehaldsorientert fase. Bygge- og eigedomssjefen tek i løpet av 2016 initiativ til utarbeiding av ein langsiktig plan for betre samsvar mellom aukande vedlikehaldsbehov og målsettinga om eit verdibevarande vedlikehald.
4. Gjennomgangar som no er gjort i rapporten skal brukast vidare for å halde fokus på rett ressursbruk for bygge- og eigedomstenesta og det grunnleggjande for god eigedomsforvaltning. Dette skal nåast gjennom god oversikt over bygga våre, klar strategi og mål for eigedomsmassen og god vedlikehaldsplanlegging.
5. Innteningspotensiale gjennom utvida sal av tenester: Arbeidsgruppa ser eit potensiale i høve å nytte dei tre regionvise driftseiningane til å yte/tilby tenester ut over vår eigen organisasjon (jf. IKT-tenesta sin praksis for sal av tenester/inntening).

## 5. Vedlegg

### 5.1 Fylkeskommunale bygg og eiedomar – areal og alder



## 5.2 Fylkeskommunale bygg og egedomar – tabelloversyn

	Skular/adm.bygg, eigd	Skular/adm.bygg leigd/delt eigarskap	Bustadar	Kommentar:
<b>Sogn</b>	Årdal vidaregåande skule, Sogn jord- og hagebruksskule, Sogndal AF, Sogndal YF, Sogndal idrettshall, Kaupanger (Hendenbygget, Modulbygget, Hansabygget, ADK- bygget), Fylkeshuset	Sogndal fotball (linesbygget, idrettsfag)	Leikanger (Hellebergvegen, Vokeldvegen),  Lærdal, husvære Sogn jord- og hagebruksskule	
<b>Sunnfjord</b>	Høyanger vidaregåande skule (inkl tannlegekontor), Dale vidaregåande skule, Mo og Øyrane vidaregåande skule, Hafstad vidaregåande skule, Flora vidaregåande skule	Fagskulen, Concordbygget, Begobygget, Storehagen atrium, Kunstmuseet	Husvære Mo, leil. Førde	Kunstmuseet er "vekta" med 1. BET har ansvar for teknisk drift.
<b>Nordfjord</b>	Firda vidaregåande skule, Stryn vidaregåande skule, Eid vidaregåande skule, Måløy vidaregåande skule	Trivselshagen, Operahuset N.fjord	Leil. Eid	Opera Nordfjord er "vekta" med 1. BET har teknisk drift av bygget.

## 5.3 Brukaravtale (mal) mellom BET og dei vidaregåande skulane (frå 01.06.2016)

### BRUKARAVTALE

For forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service.

#### MELLOM

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
BYGGE- OG EIGEDOMSTENESTA

#### OG

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
\_\_\_\_\_ VIDAREGÅANDE SKULE

**1. Eigar av eigedomen**

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Bygge- og eigedomstenesta  
6863 Leikanger

**2. Brukar av eigedomen**

\_\_\_\_\_ vidaregåande skule,  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

Bto. areal: \_\_\_\_\_ m<sup>2</sup>

**3. Heimel**

Brukaravtalen er inngått med heimel i FT-sak 0041/01 og FU-sak 85/14.

**4. Målsetjing**

Målsetjinga for den framtidige eigedomsforvaltninga skal vere:

- Verdien av eigedomsmassen skal ikkje forringast.
- Grunneigedomane og bygningane skal til ei kvar tid vere tilpassa det behovet som brukarane av eigedomane har, og vere best mogleg lagde til rett for framtidige endringar.

**5. Eigar og brukar sine rettar og plikter**

Eigar og brukar sine rettar og plikter er nærare definert i vedlegg 1.

**6. Teknisk driftspersonale**

Bygge- og eigedomstenesta sin representant på skulen er driftsteknikar/driftsleiar.

**7. Budsjett**

All forvaltning, teknisk drift m.v. skal skje innafor dei budsjetttrammer som er fastsett av FT. Eigar har budsjett og tilvisingsansvar for FDV-arbeidet.

## 8. Informasjon/kontakt

Det vert halde møte 1-2 gonger i året mellom brukar og eigar:

1. Møte februar/mars - Gjennomføring av drifts- og vedlikehaldsoppgåver.
2. Ved behov, møte haust – Status og planlegging av drifts- og vedlikehaldsoppgåver.

## 9. Avtaleperiode

Avtalen gjeld med verknad frå \_\_\_\_\_. Dersom det oppstår særlege behov for endringar, kan partane be om at avtalen blir gjennomgått/revidert.

..... den .....

..... den .....

Jan Tore Rosenlund

Bygge- og eigedomssjef

Namn på rektor

Rektor ved \_\_\_\_\_ vidaregåande skule

### Vedlegg til avtalen:

1. Ansvarsfordeling av FDVUS-oppgåver (neste side)
2. Stillingsbeskriving for driftspersonellet (ikkje vedlagd)



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

\_\_\_\_\_ vidaregåande skule  
Ansvarsfordeling av FDVUS-oppgåver

	BET sitt ansvar og kostnad	Skulen sitt ansvar og kostnad. BET utfører arbeidet. Servicearbeid	Skulen sitt ansvar og kostnad
<b>FORVALTNING</b>			
Eigedomskatt			X
Kommunale avgifter (vatn, avlaup og renovasjon)			X
Brannokumentasjon, merking i samsvar med forskrifter	X		
Forsikring	X		
Utleigekontraktar (langtidsutleige over 3 månader)	X		
Søknad om godkjenning i høve miljøretta helsevern (BET bistår med ev. naudsynt dokumentasjon i høve teknisk drift)			X
<b>DRIFT</b>			
<b>REINHOLD OG RENOVASJON</b>			
Renovasjon transport til hovudcontainer			X
Innvendig reinhald inkludert vindauge og persienner			X
Handklehaldarar, såpedispenserar og liknande			X
Reinhaldsartiklar			X
Sanitærartiklar			X
Fasadar (utanom vindauge)	X		
Utvendige tak ,slukar og takrenner	X		
Tekniske rom	X		
Ventilasjonskanalar og sjakter (innvendig)	X		
Kjøkenhetter og avtrekk frå anna brukarutstyr			X
Dagleg, tradisjonelt reinhald			X
Innvendig hovudreingjering inkl. vindauge ut-/ og innvendig			X
Boning av golv			X
Dørmatter innvendig og utvendig			X
<b>UTOMHUSANLEGG</b>			
Rydding av uteområde (bos og avfall)			X
Snøbrøyting og strøing av vegar og parkeringsplassar		X	
Snøbrøyting og strøing av gangstiar/interne vegar		X	
Tøming av boskorger		X	
<b>Merknad:</b> Byggeigar og /-brukar har eit felles ansvar for å sjå til at uteområda til ei kvar tid er ryddige og framkomelege.			
<b>ENERGI</b>			
Straum / varme	X		
Energiregistrering	X		
Skifting av lysstoffrøyr og lyspærer	X		



<b>VEDLIKEHALD</b>			
<b>BYGNING</b>			
Yttervegg, utvendig kledning og overflate	X		
Tak, tekking, beslag, takrenner og nedlaup	X		
Bærande konstruksjonar	X		
Vindauge, dører m.m., synlege overflater ute	X		
Vindauge, dører m.m., synlege overflater inne	X		
Ruter, skadar som skuldast brukar		X	
Ruter, skadar som ikkje skuldast brukar	X		
Innervegg, innvendige kledningar og overflater	X		
Utvendig solavskjerming	X		
Innvendige persienner, rullegardiner, blending		X	
Glasparti, dører med meir	X		
Dørlåsar/-beslag	X		
Spesialinnreiing, brukarutstyr, jf. vedlagd liste			X
Golv og overflater	X		
Himlingar og overflater	X		
Trapp innvendig	X		
Trapp utvendig	X		
<b>VVS</b>			
<b>SANITÆR</b>			
Botnleidningar	X		
Leidningsnett	X		
Armaturar, tappekranar, servantar og WC m.m. knytt til bygget si tekniske drift	X		
Drikkefontene, kaffiautomatar og liknande			X
Vassfilter til brukarutstyr			X
Sentral varmtvassberedar	X		
Speglar på toalett og i garderobar	X		
Handklehaldarar, såpedispensarar og liknande		X	
Kloakk og spillvasspumper	X		
<b>VARME</b>			
Varmeanlegg, oljetankar m.m.	X		
Leidningsnett vassboren varme	X		
Termostatar, ventilar, radiatorar m.m.	X		
Varmepumper	X		
<b>GASS / TRYKKLUFTANLEGG</b>			
Gass og trykkluft for undervisningsutstyr som skuldast brukarbehov, jf. vedlagd liste			X

<b>KJØLEANLEGG</b>			
Kjølediskar og fryseskåp/-boks i kantine		X	
Kjøling knytt til bygget si tekniske drift	X		
Kjøling for brukarutstyr, dataservarar m.m. som ikkje er knytt til bygget si tekniske drift		X	
Kjøle-/fryserom inkludert teknisk utstyr	X		
<b>VENTILASJON</b>			
Ventilasjonsanlegg, kanalar, ventilar	X		
Tilfluktsrom	X		
Lufthandsamingsutstyr, laust utstyr av brukarbehov, jf. vedlagd liste			X
<b>EL-KRAFTINSTALLASJONAR</b>			
Tavler og kursopplegg	X		
Belysningsutstyr, fast montert allmenn belysning	X		
Tilleggsbelysning		X	
Naudlys	X		
Fastmonterte panelomnar og varmeomnar	X		
Varmekablar	X		
Varmtvassberedarar, el-kjelar (sentrale)	X		
<b>SVAKSTRAUMSANLEGG / TELE</b>			
Kursopplegg og utstyr for brannalarm	X		
Dør- og portautomatikk	X		
Inngangskontroll / overvaking / skalsikring	X		
Kursopplegg og utstyr (SD-anlegg)	X		
IKT-anlegg, alt opplegg og utstyr (inkl. telefon)			X
Kursopplegg og utstyr for tilleggsalarm			X
Nøklar og nøkkelkort / kortproduksjon tilsette		Etter avtale	
Audiovisuelt utstyr			X
Callinganlegg m.m.			X
Antenneanlegg for radio og TV			X
<b>DIVERSE TEKNISKE ANLEGG</b>			
Reservekraft, naudstraumsanlegg	X		
Heisar og løfteplattformer for drift av bygget	X		
Løfterampar/-innretningar, transportband m.m.			X
<b>UTOMHUSANLEGG</b>			
Vegar, plassar og grøntanlegg	X		
Sykelstativ	X		
Innkjøp av boskorger		X	
<b>DIVERSE</b>			
Spesialinnreiing/-inventar installert for eller av brukar, jf. liste over brukar-/undervisningsutstyr			X
Hærverk, innbrot, skadar på bygg (innvending og utvendig)	X		
Hærverk og innbrot, skadar på møblar/utstyr			X

<u>Merknad:</u> Byggeigar og /-brukar har eit felles rapporteringsansvar ved hærverk, innbrot og skadar på fylkeskommunale bygg og eigedomar.			
<b>HUSDYRBYGG, GARTNERI, VERKSTADBYGG</b>			
Årskontroll dieseltank		X	
Innvendig / utvendig driftsutstyr av brukarbehov			X
Innreiingar (båsinnreiingar, driftsutstyr m.m.)			X
Ventilasjonsanlegg	X		
Vedlikehald av vegar og plassar samt tunområde (område avmerkt på kart)	X		
<b>UTVIKLING</b>			
Ominnreiing, ombygging og rehabilitering	X		
<b>SERVICE</b>			
Montering og reparasjon av inventar, ikkje brukar- og undervisningsutstyr jf. liste		X	
Flytting av inventar og utstyr		X	
Tilrettelegging av rom i samband med eksamen eller møte skal avtalast i høve til kveldsarbeid for driftsteknikar		X	
Flagg på off. flaggdagar, jf. felles retningsliner for fylkeskommunale bygg		etter avtale	
Flagg på andre dagar			X
Låsing og tryggleiksrutinar			X
Posthenting			X
Kaffiautomatar, vassautomatar og liknande			X
Innvendige planter og grøntanlegg			X
Skilting, namneplater, anvisningstavler		X	
Vakthald			X
Reaksjonar ved feilparkeringar			X
<u>Merknad:</u> Byggeigar og /-brukar har eit felles ansvar ved feilparkering ved fylkeskommunale bygg og eigedomar.			
Administrering og oppfølging av snøbrøyting, strøing, feiing av vegar og parkeringsplassar		X	
Innhenting av tilbod for strøing og brøyting		etter avtale	
Brannvernopplæring (opplæring av tilsette)		etter avtale	
Brannøvingar		etter avtale	
<b><u>Utføring - Servicearbeid</u></b>			
Etter avtale er det driftsteknikarane som utfører denne servicen, slik det er spesifisert her			
<b><u>Årleg tidressurs til service</u></b>			
For ... vidaregåande skule er det årleg sett av ... timar (... % av 1730 timar) til service, slik det er spesifisert her			

<b>BRUKARUTSTYR (UTSTYR SOM IKKJE ER KNYTT TIL TEKNISK DRIFT AV BYGGET)</b>			
Avtrekkssarmar (sveise, lodde m.m.)			
Sponavtrekk inkl. filter og oppsamling (tre og metall)			
Andre punktavsug med lokale vifter: Eksos, motorvask, avtrekksskåp, industristøvsugar, etc.			
Befuktarar/avfuktarar i samband med undervisning			
Sveise/lodde-apparat			
Gassanlegg m/røyranlegg for sveis			
Gassanlegg (LPG) for kjøkken			
Luftkompressor m/røyranlegg			
Kran, løftebukk og anna løfteutstyr			
AV-utstyr som: kopimaskiner, skrivarar, smart-tavler, etc.			
Bearbeidingsmaskiner: Kappemaskiner, sager, dreiebenker, etc.			
Kjøkkenmaskiner: Komfyr, ovn, sag, kvern, etc.			
Reinhaldsmaskiner			
Vaskemaskiner			
<b>Merk: Oversikta er ikkje uttømmmande, kun retningsgjevande</b>			



EIN ENDRINGSDYKTIG, EFFEKTIV OG FAGLEG  
STERK SENTRALADMINISTRASJON

Rapportutkast til drøfting i styringsgruppa

SFJ2019: SENTRALADMINISTRASJONEN  
– ROLLER OG STORLEIK (#57)

#### MÅL

*Ein endringsdyktig, effektiv og fagleg sterk sentraladministrasjon som rettar innsatsen mot politiske organ, eigen driftsorganisasjon, samarbeidspartar, bedrifter og organisasjonar – til beste for innbyggjarane.*

Sogn og Fjordane fylkeskommune

25.04.2016

## Innleiing

### Mål med organisasjonsendringa

Ei overordna målsetjing for endringane i sentraladministrasjonen er å tilpasse den administrative organiseringa til den politiske organisasjons- og styringsmodellen i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette gjev organisasjonen ein skreddarsaum for å ivareta samspelet mellom politisk og administrativ leiing. Både i høve tenesteproduksjon og samfunnsutvikling, som utgjer kjerneaktivitetar i fylkeskommunen, vil ei slik koordinert arbeidsdeling og sams fagleg spesialisering vere føremålstenleg.

Organisasjonsendringane utgjer i tillegg eit nødvendig grunnlag for å imøtekome dei økonomiske innsparingskrava vi står overfor. Gjennom ein slankare leiingsstruktur og ei meir dynamisk og lettadministrert tilnærming til prosjektarbeid og tverrsektorielle arbeidsgrupper, vil vi gjennomgåande vere meir ressurseffektive. Like eins vil det vere effektivt og samordnande at vi i større grad samlar tilgrensande arbeidsoppgåver i organisasjonen, anten i lina eller stab. Dette gjev oss i sum store mulegheiter for å framstå meir samordna og koordinerte overfor samarbeidspartane våre.

Målsetjinga er å til ei kvar tid å ha ein endringsdyktig, effektiv og fagleg sterk sentraladministrasjon som rettar innsatsen mot politiske organ, eigen driftsorganisasjon, samarbeidspartar, bedrifter og organisasjonar – til beste for innbyggjarane.

### Det vedtekne rammeverket

Frå fylkesrådmannen ligg det føre eit administrativt vedtak frå 22.10.2015, der det organisatoriske rammeverket som skal gjelde frå 01.04.2016 vart fastsett:

1. Det vert etablert symmetri mellom politisk og administrativ organisering ved at:
  - a) Dagens næringsavdeling og dagens kulturavdeling vert slegne saman til ei ny nærings- og kulturavdeling (NKA). Den nye avdelinga vil bli leia av 1/ein fylkesdirektør, og vil få to assisterande fylkesdirektørar (éin på næring og éin på kultur). Dei som i dag sit i direktør- og ass. direktørstillingar ved dei respektive avdelingane vil bli innplasserte i den nye avdelinga.
  - b) Plan- og samfunnsavdelinga vil bli plassert i fylkesrådmannen sin stab og vil bli leia av ein plansjef. Den nærare organiseringa av dagens plan- og samfunnsavdeling vil bli vurdert i det vidare arbeidet, jf. pkt. 4 under.
2. Personalsjef og informasjonssjef, som no rapporterer direkte til fylkesrådmannen, vil med ny organisering rapportere til assisterande fylkesrådmann.
3. Innkjøpssjef, som no rapporterer til assisterande fylkesrådmann, vil med ny organisering rapportere til økonomisjefen.
4. Fylkesrådmannen kjem tilbake til meir detaljerte organisatoriske tilpassingar kring årsskiftet 2015/16.

# Innhald

Innleiing.....	1
Mål med organisasjonsendringa.....	1
Det vedtekte rammeverket.....	1
Innhald .....	2
Samandrag frå utgreiinga.....	3
1. Mål og bakteppe for organisasjonsjusteringa.....	4
1.1 Organisasjonskartet – ramme for samhandlinga.....	4
1.2 Organisasjonsmål- og faktorar som bakteppe.....	4
A. Sentraladministrasjonen sitt føremål.....	4
B. Effektivisering og innsparing.....	4
C. Skilje mellom line- og stabsfunksjonar.....	5
D. Fylkesrådmannen si leiargruppe.....	5
E. Tverrfagleg samarbeid og samhandling (matriseorganisering).....	5
F. Intern og ekstern samordning.....	5
G. Strategisk planlegging og utvikling.....	6
2. Sentraladministrasjonen frå 01.04.2016.....	6
2.1 Arbeidsdeling mellom stabseiningane og lina.....	6
A. Økonomisjef.....	6
B. Løn- og rekneskapssjef.....	6
C. Innkjøpssjef.....	7
D. Plansjef.....	7
E. Personalsjef.....	8
F. Juridisk sjef.....	8
G. Informasjonssjef.....	8
H. IKT-sjef.....	8
I. Bygge- og eigedomssjef.....	9
J. Driftssjef.....	9
2.2 Arbeidsdeling mellom lineavdelingane.....	10
A. Fylkesdirektøren for opplæring.....	10
B. Fylkesdirektøren for samferdsle.....	11
